

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDLE HØG **Kva veit du om adverb?** Sjå på reglane og **skriv døme!**

Adverb

Adverb er ord som seier noko om verb, adjektiv, andre adverb eller setningar. Fleire av desse orda kan gjere språket levande og tydeleg.

Eit adverb modifiserer (legg ekstra informasjon til) eit verb, eit adjektiv, eit anna adverb eller ei heil setning.

Døme:**Eg trente mykje i går.** (Her står adverbet til eit verb.)**Eg trente veldig mykje i går.** (Adverbet står til eit anna adverb.)**Dei har bygd seg eit svært stort hus.** (Her står adverbet til eit adjektiv.)

Adjektiv og adverb

Adjektiv kan vi bruke for å beskrive substantiv. Mange adverb lagar vi av inkjekjønnsforma av adjektiv.

Døme:**Ein vakker song.** (Adjektivet vakker står til substantivet song.)**Eit vakkert musikkstykke.** (Adjektivet vakkert står til substantivet musikkstykke.)**Han song vakkert.** (Adverbet vakkert står til verbet song.)

Lage adverb av adjektiv.

Døme:

Adjektiv Adverb

pen pent**stygg stygt****vakker vakkert****slem slemt**

Ubøyelege adverb

Mange adverb har inga bøyning.

Døme:

ikkje, ned, der, altfor, kanskje, visstnok, kor, dessutan

Gradbøyning

Nokre adverb kan vi gradbøye på same måte som adjektiv.

Døme:

Positiv Komparativ Superlativ

**langt lenger lengst
gjerne heller helst**

Tidsadverb

Tidsadverb fortel når noko hender. Du kan finne dei ved å spørje: Kor lenge? Når? Kor ofte?

Døme:

Kom no!

Martin kom etter at timen var slutt.

Måtesadverb

Måtesadverb fortel på kva for måte noko skjer. I gruppa måtesadverb har vi med ord som er laga av inkjekjønnsforma av adjektiv.

Døme:

Ho syng høgt.

Huset var bra.

Stadsadverb

Stadsadverb fortel kor noko/nokon er eller drar. Du kan finne slike adverb ved å spørje: Kor?

Merk at mange stadsadverb har to former: ei statisk og ei dynamisk. Den dynamiske forma fortel at noko/nokon er i bevegelse. Den statiske forma opplyser om at noko/nokon er ein stad. Vi bruker forma med -e når verbet ikkje viser ei rørsle.

Døme:

Eg gjekk heim etter skolen.

Eg er heime i dag.

Gradsadverb

Gradadverb fortel om graden av noko. Dei kan vere ord for mengde.

Døme:

Det er ganske mykje å ete i kveld.

Eg er litt sur i dag.

Setningsadverb

Setningsadverb kan vi bruke til å endre innhaldet i ei heil setning.

Døme:

Eg er kanskje ikkje så godt førebudd i dag.

Ho var ikkje sliten etter turen over Besseggen.